

Voss kulturråd

Årsmelding 2013

Voss kulturråd vart skipa på Voss kulturhus 28. februar 2013; rundt tjue personar møtte på skipingsmøtet. Eit interimstyre samansett av Olaug Hamre (leiar), Knut Brunvoll, Eirik Helleve, Mona Nordaas og Hedvig Røhnebæk hadde arbeidd fram eit utkast til vedtekter. Det vart gjort fleire endringar, både små og store, men møtelyden samla seg til slutt om vedtektene for rådet.

På skipingsmøtet vart desse valde som styremedlemmar:

Olaug Hamre, leiar (2013)

Vidar Skeie, nestleiar (2013–14)

Knut Brunvoll, kasserar (2013–14)

Eirik Helleve, skrivar (2013)

Øystein Dahl, styremedlem (2013)

Varamedlemmar vart Lars Mosefinn og Ruth Kristin Trå (begge 2013–14).

Til valnemnd vart vald Torgunn Hegland (leiar), Knut Farestveit, Hedvig Røhnebæk.

Ved utgangen av meldingsåret hadde Voss kulturråd 37 medlemmar.

Styret hadde 6 møte, der dei handsama 28 saker. Eitt av møta var eit fellesmøte med Voss musikkråd, der me drøfta utdelinga av dei kommunale kulturmidlane.

Dei tre hovudoppgåvene til Voss kulturråd er å styrkja samarbeidet mellom alle frivillige lag og organisasjonar innanfor kulturområdet i Voss kommune, vera eit felles talerøyr for det frivillige kulturlivet, og å arbeida for å betra rammevilkåra for det frivillige kulturarbeidet i kommunen.

2013 var det fyrste ordinære driftsåret for rådet, og det vart arbeidd med å verva fleire medlemmar, og med å få på plass ei heimeside. Vervingsarbeidet har vore tungt.

I arbeidet mot kommunen har dei viktigaste emna vore fordelinga av kommunale kulturmidlar, arbeidet med ny kulturplan for Voss kommune, utdeling av kulturprisen for kommunen, og kva som skal skje med Gamlekinoen. Medlemmar frå styret har hatt fleire møte med kommunen, i ulike samanhengar. Det verkar som om kommunen ser på Voss kulturråd som ein seriøs og god samarbeidspart.

Vidar Skeie har representert Voss kulturråd i arbeidet med ny kulturplan.

Knut Brunvoll og Lars Mosefinn har representert Voss kulturråd i grupper som arbeider med nye bruksområde for Voss gamle kino.